

Undervisningsopplegg: Eg skal rive deg i filler

Til læraren: Til dette opplegget finst det ein PowerPoint-presentasjon med alle oppgåvene samla. Oppgåvene er illustrerte, noko som kan gjere dei meir engasjerande og skape større motivasjon for arbeidet. Presentasjonen kan brukast som støtte undervegs og skape eit tydeleg fokus i timen.

Aktuelle nettressursar

Intervju med forfattaren, og tilhøyrande podkast, finn du [her](#).

Uprisen-grunngjevinga finn du [her](#).

FØR

- Kva trur du romanen handlar om?
- To og to saman: Ta utgangspunkt i tittelen og kom med forslag til kva romanen handlar om. Hugs å grunngje svara dokkar.
- Tittelen *Eg skal rive deg i filler* tek i bruk eit språkleg bilete. Kven er det som skal bli riven i filler, og av kven, trur dokker?
- Kjem dokker på andre metaforar eller språklege bilete ein kan bruke for å uttrykke det same?
- Utfordring: Korleis kan budskapet i tittelen skrivast om i eit meir formelt språk utan bruk av metaforar eller biletebruk?
- Kva gjer endringa i stilnivå med krafta i budskapet?
- Denne boka er ein thriller. Kva kjenneteiknar denne sjangeren, og kva andre forteljingar kjenner du til som høyrer til i denne sjangeren?
- Kvifor likar du, eller likar du ikkje, slike forteljingar?

Bokframsida

- To og to saman: Studer framsida av boka. Beskriv kva dokker ser. Kva trur dokker plottet i romanen handlar om, basert på framsida?
- Ei god romanframside skal få deg til å ha lyst til å lese romanen. Kva slags terningkast vil du gje bokframsida, og kvifor? Bruk omgrep som layout, skrifttype, blikkfang, bilete og fargeval i grunngjevinga di.
- Kva blir det samla terningkastet på bokframsida i klassa? Korleis reknar vi oss fram til det?

UNDER

Til læraren: Les tekstutdraget høgt i klassa. Kvart kapittel i tekstutdraget har eigne oppgåver.

Til eleven: Skriv stikkord som svar på spørsmåla, snakk deretter med sidemannen om kva du har notert. Samtal i felles klasse til slutt.

1. Opptak

- Teksten på side 5 startar *in medias res* – rett i handlinga. Kva får vi vite om det som har skjedd, og kva er det som blir halde tilbake for lesaren?
- Kva var det som overraska deg mest med det du har lese?
- Kva slags adjektiv vil du bruke for å skildre starten på denne romanen? Her er nokre adjektiv du kan velje mellom: *kjedeleg, spennande, treig, intens, uforståeleg, masete, gripande, sjokkerande, seig, dramatisk, realistisk, ekkel*.
- I tekstutdraget får vite at ei jente er død, og eg-personen skriv om korleis familien hennar reagerte på dødsfallet. Korleis skil reaksjonane til mor og far seg frå eg-personen sin reaksjon?

2. Portrett

- Kva får du vite om Iben i dette tekstutdraget?
- Korleis vil du skildre familien til Iben, basert på det du får vite i utdraget?
- Kva betyr *non serviam*? Kva slags språk er det, og kva trur dykk mora til Iben meiner med å si det?
- På kva slags vis var Iben og Alexa litt ulike frå kvarandre?
- Er du lik dine eigne søsken eller familie i utsjånad og veremåte? Er det ein i familien du er likare enn andre?

«Det finst ein pris å betale for å øydeleggje ein familie. Det finst i alle fall ein pris å betale for å øydeleggje *min*. Auge for auge, tann for tann, og så vidare.»

- I dette sitatet viser Iben til eit ordtak som du kanskje kjenner til. Kvar er det henta frå, og kva betyr ordtaket?
- Ta stilling til og grunngje om du er einig, litt einig eller litt ueinig, eller ueinig i desse påstandane:
 - Eg føler aldri på behov for hemn, sjølv om nokon er skikkeleg slemme mot meg.
 - Når nokon gjer urett mot deg, har du lov til å hemne deg.
 - Å kunne tilgje og gå vidare, uansett kva som har skjedd, vil gje deg fred i sjela.

3. Scene

- Kva slags miljø er det Iben lever i? Korleis vert Frogner, ein bydel i Oslo, skildra i starten av dette tekstutdraget?
- Kva får vi vite om bakgrunnen til mora til Iben?

- I tekstutdraget vert vi introduserte for Robin. Kva slags rolle speler han i handlinga?
- Iben seier at Robin og familien hans er «ekelt rike». Kva legg ho i denne utsegna, trur du?
- Basert på tekstutdraget du har lese, kva trur du har skjedd med Alexa?
- Korleis trur du Iben kjem til å hemne seg på gutane som står bak filmen?
- Finst det smarte og mindre smarte måtar å hemne seg på, synest du?
- Kva skal til for at ein skal kome seg unna med ein hemn?
- Alle kapitla i denne boka har namn henta frå film eller teaterverda. Dei to kapitla i utdraget har titlane *portrett* og *scene*. Kvifor trur dykk forfattaren har valt å bruke slike titlar? Kva slags effekt har det?
- I denne forteljinga blir saka til Alexa henlagt. Kva betyr dette? Bruk kjeldene under og undersøk om dette utfallet kunne ha skjedd i verkelegheita. Samanlikn og snakk om funna dykkars i en gruppe eller klassesamtale. Snakk gjerne også om samtykke i denne samtalen. Kva seier den nye lova av 1. juni 2025?
 - https://www.ung.no/Sex/2422_Hva_er_seksuell_lavalder.html
 - <https://www.barneombudet.no/for-barn-og-unge/dine-rettigheter/seksualitet>

ETTER

- På ein skala frå 1 til 10, kor lyst fekk du til å lese romanen?
Eg skal rive deg filler vann ungdomen sin eigen litteraturpris! Les grunngjevinga til juryen [her](#).
- Sjekk om dokker har romanen på skulebiblioteket, eller sjå om romanen er tilgjengeleg på det offentlege nærbiblioteket.
- Spenningsbøker er noko som ofte slår an blant ungdom. Finn på tre boktitlar på spenningsbøker som du sjølv kunne ha tenkt deg å lese. KI-generer bilete som kan fungere som illustrasjon til bokframsidene, og legg titlane over. Du kan lage bokframsidene i PowerPoint, Google presentasjonar eller Canva. Hugs at du ikkje treng å lage fotografi-liknande bilete, du kan også lage symbolske illustrasjonar. Gjennomfør ei felles kåring av dei ulike bokframsidene i klassa. Kva slags tittel og framside slår best an?
- Skriv starten på ei spenningsbok! Ta utgangspunkt i ei av bokframsidene du har laga, og skriv starten på spenningsromanen. Du skal:
 - starte handlinga *in medias res*
 - gje lesaren eit frampeik på kva som har skjedd
 - veksle mellom tankereferat, skildringar og replikkar

Skriveoppgåve: Hemn som utfordring

Hemntankegangen ligg til grunn for små og store konflikhtar i verda. Små barn som får

leikene sine tekne av andre i barnehagen, kan reagere med å slå eller på anna vis gjengjelde uretten. Gjennom oppvekst og sosialisering lærer vi oss etter kvart andre måtar å handtere slike situasjonar på. Likevel ser vi at nettopp tanken om hemn og ønsket om å ta igjen for urett ein sjølv har opplevd, ofte fungerer som drivstoff for både personlege konflikhtar og store, øydeleggjande krigar.

Skriv ein tekst der du reflekterer over kor øydeleggjande, men også naturleg, ønsket om hemn er for mennesket. Kvifor er det så viktig at vi ikkje let hemntanken styre gjerningane våre? Vis til konkrete døme frå tekstutdraget, eigen oppvekst eller samtida vår som kan eksemplifisere det du skriv om. Bruk gjerne [femavsnittsmetoden](#) som rammeverk.

Å reflektere munnleg

Du har no skrive ein tekst der du har reflektert over kor skadeleg hemn kan vere for mennesket og verdssamfunnet. Les deg opp på teksten du har skrive, og førebu deg til å delta i ein samtalesirkel i klasserommet. Målet med samtalen er å uttrykke egne refleksjonar og synspunkt og grunngje dei. Bruk gjerne døme som illustrerer poenga dine. Øv på å byggje vidare på det dei andre i samtalesirkelen seier, ved å bruke samtalestartarane:

- «Eg likte det du sa om ____, for eg opplever også at ...»
- «Eg likte grunngjevinga di, men eg er ikkje heilt einig, fordi ...»
- «Som X sa, så trur eg også at ...»
- «X nemnde at, men eg meiner heller at»

Spørsmål som kan brukast i samtalen:

- Kvifor trur dokker at hemnlyst er eit så vanleg ønske?
- Har dokker sjølv kjent på ønsket om hemn?
- Er all hemn eit vonde?
- Kan ein skjøne at folk ønskjer hemn?
- Kva slags typar hemn ser du mest av rundt deg?
- Korleis kan det å gå rundt og ønskje hemn prege eit menneske?
- Kva slags øydeleggjande kraft kan hemn ha for enkeltmennesket?
- Kva slags kraft ligg i det å kunne tilgje folk som har gjort deg vondt?
- Fortener alle slags handlingar tilgjeving?
- Kva slags øydeleggjande kraft kan hemn ha for verdssamfunnet?
- Kva slags krigar og konflikhtar kjenner dokker til som spring ut av eit ønske om hemn?
- Kva eigenskapar bør ein statsleiar ha for å hindre at hemntankar styrer handlingane hans eller hennar?
- Har verda slike statsleiarar?

- Kva kan den einskilde av oss gjere for å byggje eit samfunn som i større grad er prega av forsoning enn av hemn?

Boktrailer-konkurranse

Lag ein boktrailer av dette eller eitt av dei andre utdraga i årets tXt-aksjon, send inn klassens beste og bli med i trekkinga av forfattarbesøk eller bokpakker.

Vi deler ut:

- 5 forfattarbesøk hausten 2025 (frist onsdag 15. oktober).
- 5 forfattarbesøk våren 2026 (frist onsdag 18. mars).
- Mange bokpakker

Sjå <https://denboka.no/aktuelt/txt-konkurransen-2025> for meir informasjon.

Kompetansemål

Norsk:

- lese skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk og i oversettelse fra samiske og andre språk, og reflektere over tekstenes formål, innhold, sjangertrekk og virkemidler
- sammenligne og tolke romaner, noveller, lyrikk og andre tekster ut fra historisk kontekst og egen samtid
- utforske og reflektere over hvordan tekster framstiller unges livssituasjon
- bruke fagspråk og argumentere saklig i diskusjoner, samtaler, muntlige presentasjoner og skriftlige framstillinger om norskfaglige og tverrfaglige temaer
- informere, fortelle, argumentere og reflektere i ulike muntlige og skriftlige sjangre og for ulike formål tilpasset mottaker og medium
- skrive tekster med funksjonell tekstbinding og riktig tegnsetting og mestre rettskriving og ordbøying på hovedmål og sidemål
- uttrykke seg i ulike sjangre og eksperimentere med sjangre på kreative måter

Samfunnsfag:

- reflektere over korleis identitet, sjølvbilete og eigne grenser blir utvikla og utfordra i ulike fellesskap, og presentere forslag til korleis ein kan handtere påverknad og uønskete hendingar
- beskrive sentrale lover, reglar og normer og drøfte kva konsekvensar brot på desse kan ha for den enkelte og for samfunnet på kort og lang sikt